Storkurs 7. – 8.mars 2023

Medelmsgruppesamling VGO og Fagskule

Faglege nettverk

Landsmøte i2019 vedtok utprøving av faglige nettverk. I mai 2022 vedtok sentralstyret sentrale prioriteringer og føringer for arbeidet, inkludert et mandat for fagnettverkene (se lenke til nettsak). Utdanningsforbundet er nå i gang med å rekruttere medlemmer til fagnettverkene.

Spørsmål til kontaktforum:

- hvordan kan nettverkene bli relevante og engasjerende for medlemmer/skolene?
- hvordan kan fagnettverkene være nyttige og relevante for organisasjonen?
- Hvordan kan organisasjonen støtte fagnettverkene? I form av for eksempel innspill til hva de kan engasjere seg i, men også med tanke på hvordan arbeidet i nettverkene kan oppleves som relevant og motiverende for medlemmene som sitter der.
-

Faglege nettverk

Grip sjansen til å bidra med fagkunnskapen din!

Steffen Handals budskap til lærere som har et engasjement for faget sitt når Utdanningsforbundet nå skal opprette fagnettverk for norsk, naturfag og kroppsøving.

Råd for studieforberedende utdanningsprogram - regjeringen.no

- https://www.utdanningsforbundet.no/nyheter/2023/danner-fagnettverk--grip-sjansen-til-a-bidra-med-fagkunnskapen-din/?fbclid=IwAR3ogdvt4UmELEf_LQNdAkplpsgMrQMnfmfrIkDXbJAPkHMgQLGdE3Esnws

Thom Jambak meiner at me aktivt bør kontakte aktuelle personar, gjerne via ATV. Det verkar ikkje som om det held å sende påminning på e-post.

Saker til Kontaktforum VGO og fagskole

Plattform for samskaping Hafstad og Mo og Øyrane vidaregåande skular (Førde vgs)

Bakgrunn

Denne plattforma er eit grunnlagsdokument for samskaping og medbestemming ved dei vidaregåande skulane i Førde. Plattforma er utarbeidd av dei tillitsvalde og rektorane som eit sentralt tiltak for å lukkast med omstillinga til nye Førde vgs. Utgangspunktet er formåla og intensjonane for partssamarbeidet i hovudavtalen og del 3.5 i overordna del. Dokumentet er forpliktande for alle aktørane i skulen, blir revidert før kvart skuleår, og dannar utgangspunktet for den årlege evalueringa av partssamarbeidet.

Profesjonsfellesskap og skuleutvikling

Målet med profesjonsutvikling og skuleutvikling er å kontinuerleg vidareutvikle læringsmiljøet og læringsutbyttet for alle elevane. Dette krev at alle aktørar i skulen er aktive lærande og utviklar eigen praksis mellom anna gjennom engasjert deltaking i gode praksisfellesskap. I utviklingsarbeidet vil vi også fokusere på å effektivisere driftsoppgåver slik at vi kan oppretthalde og forsterke fokuset på kjerneoppgåvene. Viktige tiltak her vil vere etablering av felles rutinar, effektive informasjonskanalar, gode opplæringssystem og god bruk og støtte knytt til IKT.

Samskaping og medbestemming

For å lukkast med profesjonsutvikling og skuleutvikling krevst eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og skuleleiinga. Det er ikkje tilstrekkeleg å avgrensa innhaldet i dette samarbeidet til det som kan forståast som medbestemming. Proaktiv samskaping må gjevast stor plass og prioritet av partane.

Samskaping kan definerast som prosessar for læring med profesjonsutvikling og skuleutvikling som mål. Dette er både prosessar som i heilheit vert gjennomført i samarbeidet mellom tillitsvalde og leiinga, og om utvikling av prosessar som vert gjennomført i deler av, eller i heile kollegiet ved skulen. Sentrale temaområde for samskaping vil vere skulen sine tiltak i utviklingsplanen.

Medbestemming kan definerast som dei meir formelle, konkret avtalebaserte tema som skal forhandlast eller drøftast. Samskaping og medbestemming heng saman, ofte slik at konklusjonar om utviklingstiltak har konsekvensar for organisering og bruk av ressursar. Dette betyr at det ofte vil vere viktig og naudsynt å samskape, utforska og lære før medbestemming.

Tilrettelegging for styrking av partssamarbeidet

Ambisjonane i plattforma krev praktisk tilrettelegging. Følgjande konkrete tiltak blir innført frå om med skuleåret 2021-2022:

Ein felles møteøkt på 90 minutt som ligg i timeplanen for alle tillitsvalde og rektorane. I denne tida blir det gjennomført formelle og uformelle møte på skulenivå og felles på skulane. Når det ikkje er innkalla til møte kan tillitsvalde nytte tida til førebuing og samhandling knytt til tillitsvaldrolla.

Det blir lagt inn ekstra tid i beskjeftigelsen til dei pedagogisk tillitsvalde etter følgjande modell: Tillitsvalde som representerer fleire enn 5 medlemmar og som har mindre enn 10% grunnressurs blir tildelt 76 timar. Tillitsvalde som representerer 5 medlemmar eller færre blir tildelt timar ut frå møta dei deltek på i den oppsette møteøkta.

Det blir lagt inn tid til nokre klubbmøte i møteplanen gjennom skuleåret.

Fagforeiningane finn fram til konkrete tiltak som kan sikre god kontinuitet og overlapp i tillitsvaldrolla.

Refleksjonsspørsmål

Kan KF og Utdanningsforbundet, også i «vanskelege tider», oppretthalde og styrke fokuset på samskapande profesjonsutvikling, skuleutvikling og skuleleiing?

Korleis kan KF og Utdanningsforbundet bidra til skoleleiarar og lærarar sitt arbeid med å betre og tilpasse vurderingspraksisar slik at desse er innanfor ramma for fagfornyinga?

God vår!